

30. mars–1. april 2012

VOSSA
JAZZ

www.vossajazz.no

Vyrde Vossa Jazz-ven

Velkomen! Me er klare for den 39. festivalen og serverer frå ein knakande god og variert musikalsk meny!

Nyskaping og tradisjon er to viktige elementa i profilen vår, det same er jazz og verdsmusikk. Årets Tingsingsverk representerer nettopp desse to retningane – «Som Spor» med Karl Seglem vert det 31. tingsingsverket. Me gler oss!

Vossa Jazz er svært oppteken av å syta for at ny musikk vert skapt. Festivalen er difor også stolt over å presentera fire andre nye produksjonar: Gunnhild Seim sin «Story Water», Badnazz med Papagøyene saman med elevar frå Bjørgum skule, urframføring ved Trondheim Jazzorkester med Sofia Jernberg, og konsert med Knut Kristiansen og Bergen Big Band.

Elles inneheld årets program godbitar frå inn – og utland. Kvalitet og musikkglede er viktige stikkord. Her er noko for alle! Me vonar alle vil utfordra seg sjølve denne helga, gå på ein konsert med artistar du ikkje kjenner, kanskje kjem du ut att som eit rikare menneske? Vossa Jazz garanterer uansett store opplevingar på store og små scener i bygda. God jazzhelg!

Trude Storheim Dagleg leiar **Magne Kalstad** Styreleiar

VOSSAKVEIK

– VOSSA JAZZ SITT NÆRINGS- og LIVSSEMINAR

Torsdag 29. mars kl. 16:00 i Fraktgodsden

MAKT OG MOTMAKT TA STYRINGA FOR SVINGANDE!

Victor D. Norman, Anne Viken, Einar Øverenget, Karl Seglem
Møteleiar: Sjur Hjeltnes

Sjå www.vossajazz.no for fullstendig program



FREDAG KL 19:00 VOSSASALEN, PARK

Dahl/Andersen/ Christensen

Denne norsk-danske stjernekonstellasjonen får æra av å kasta glans over årets Vossa Jazz-opning. Carsten Dahl er Danmark sin leiande pianist og er kjent for si unike evne til å involvera publikum i sine impro-bravurar der kvar konsert er unik. Når Dahl møter dei to nestorane innan norsk jazz, Arild Andersen og Jon Christensen, har ein lov å stilla høge forventningar.

Dei tre gav for nokre år sidan ut albumet «Short Fairytales», og no spelar dei vidare med dette kritikarroste konseptet. «Musikken er åben og vekslar umærkeligt mellem korte stramme komposisjoner og uanede mængder af improvisation. Ikke som 'klassisk' freejazz, men snarere som et nuanceret sprog, hvor inspirerende dialoger fører til en ubrudt strøm af original tonekunst» skreiv Berlingske Tidende om «tre-enigheden».

Carsten Dahl piano **Arild Andersen** bass **Jon Christensen** trommer



Foto: Herborg Pedersen



Ragnar Hovland opnar den 39. Vossa Jazz



TAKKAR:



Norsk kulturråd • Voss kommune • Hordaland fylkeskommune
Det Norske Komponistfond • KOMP • Norsk jazzforum



Foto: Per Kristiansen

Stein Urheim Farmers Market Nils Petter Molvær Trio Cornelis vs Riedel

FREDAG KL 20:00 TRE BRØR CAFÉ

Stein Urheim

Urheim har gjort seg sterkt bemerkta som ein av våre finaste gitaristar, kanskje spesielt kjend gjennom samarbeidet med Mari Kvien Brunvoll. Til Voss kjem han med eit nytt album, «Kosmolodi». I 2010 fekk han Vossa Jazz-prisen, og mellom lovorda står det: «Årets prisvinnar har i mange år markert seg som ein solid utøvar, med ei allsidig verksemd innanfor mange sjangrar». Det er duka for plateslepp og eit glederleg gjenhør med Urheim.

Stein Urheim gitar, munnspel **Alexander Grieg** kontrabass
Nils Are Drønen trommer

FREDAG KL 21:00–02:30 PARK – HUSKORT

Farmers Market

I år kjem det nytt album med virtuosane som ein gong treftest på Jazzlinja i Trondheim. Bandet spelar ei blanding av mange stilartar; sterkt inspirert av folkemusikk frå balkanområdet, utført i eit halsbrekkande tempo. Stikkord som høver til Farmers Market er teknikk og humor. Dette er flinkis-bajasar med ei speglede utan sidestykke!

Stian Carstensen trekkspel, gitar, vokal
Nils-Olav Johansen gitar, vokal
Trifon Trifonov saksofon, klarinett
Finn Guttormsen bass
Jarle Vespestad trommer

AN INITIATIVE OF EUROPE JAZZ NETWORK

JAZZ ACROSS EUROPE

Combine your festival ticket with a city trip! Get great deals on hotels, restaurants, and sightseeing all over Europe.
www.jae.europejazz.net

FREDAG KL 21:00–02:30 PARK – HUSKORT

Nils Petter Molvær Trio

Molvær kjem til Voss med den kritikkaroste plata frå 2011, «Baboon Moon». I 1996 stod han for tingingsverket «Labyrinter», som seinare vart gitt ut under namnet «Khmer». Det siste året har han turnert med sin svært kapable trio. Resultatet er eit mørkt og dynamisk lydlandskap, melodisk og frisluppe, men med ein god dose velkjend melankoli.

Nils Petter Molvær trompet, elektronikk **Stian Westerhus** gitar
Erland Dahlen trommer

FREDAG 21:00–02:30 PARK – HUSKORT

Cornelis vs Riedel

Den svenske musikkfloraen har gjennom åra ei rekkje bautaer å visa til – Jan Johansson, Bengt Hallberg og Monica Zetterlund, og felles for desse er at dei har spelt med bassisten Georg Riedel. Tida har kome for Riedel til å ta steget ut sjølv, og saman med dotter Sarah Riedel og den kjende singer-songwriteren Nicolai Dunger, har han laga eit strålende prosjekt der dei framfører tekstar av Cornelis Vreeswijk til musikk av Georg Riedel.

Georg Riedel kontrabass **Sarah Riedel** vokal **Nicolai Dunger** vokal
Jonas Östholm piano **Emil Strandberg** trompet
Per Åke Holmlander tuba **Nils Berg** saksofon





Foto: Karina Gjvre

Foto: Jan Granlie

Lord Kelvin Gunhild Seim Kaja Draksler Acropolis Quintet Good Time Charlie

FREDAG 21:00–02:30 PARK – HUSKORT

12 POINTS PRESENTERER:

Kaja Draksler Acropolis Quintet

Den slovenske pianisten og komponisten Kaja Draksler har studert ved jazzlinja i Ljubljana, Purchase College i New York, har ein bachelor frå Prince Claus Conservatory i Groningen, Nederland og studerer for tida ved det verdsrenommerte Conservatory of Amsterdam. Ho gjorde suksess på 12Points i fjor med sin kombinasjon av moderne akustisk jazz og tyrkisk folkemusikk. Gled deg!

Kaja Draksler piano **Sanem Kalfa** vokal **George Dumitriu** gitar
Mattia Magatelli bass **Kristijan Krajncan** trommer

FREDAG 21:00–02:30 PARK – HUSKORT

Lord Kelvin

Jazz, rock, kammermusikk – kvar for seg og på ein gong! Kombinasjonen saksofon, trombone og trommer er kanskje ikkje standarden, men så stiller denne trioen seg ofte på sida av det gjengse, med eit svært originalt resultat som løn for bryet. Musikken vert skildra som tøff, underfundig, unik og til tider urfunky, og med nokre av landets mest kapable og framtrjedande musikarar kan du føla deg trygg.

Eirik Hegdal saksofon **Erik Johannessen** trombone
Gard Nilssen trommer

12 POINTS

12 Points er eit europeisk jazzsamarbeid som jobbar for å utveksla nye talent mellom landa. Festivalen får inn fleire hundre søkjarar i året og 12 artistar vert plukka ut. Til Vossa Jazz kjem **Kaja Draksler Acropolis Quintet**, den finske trioen **Elifantree** og **trioVD** frå Storbritannia. Les meir om 12 Points og artistane på <http://www.12points.ie/>



FREDAG 21:00–02:30 PARK – HUSKORT

Good Time Charlie

Etter snart 30 år på vegen som eit av dei viktigaste pionérbanda, med inspirasjonskjelder frå amerikansk 50- og 60-tals soul, savage rock'n'roll og rhythm and blues, er karane i Good Time Charlie igjen klare med nytt låtmateriale: «Garage A Go-Go!» inneheld tretten nye låtar som osar av energi og magisk sjarm. GTC vert skildra som «tradisjonsbærere for ekthet, kjærleghet og respekt til faget», samstundes som bandet stadig klarar å fornya seg.

Arle Hjelmeland vokal, munnspele **Steinar Karlsen** gitar, vokal
Ole Gunnar Eikeland bass, vokal **Einar Olsson** trommer, vokal

FREDAG KL 21:00 FRAKTGODSEN

Gunhild Seim: «Story Water»

«Story Water» er nok eit verk bestilt av Vossa Jazz, og det er trompetisten Gunhild Seim som står bak. Komposisjonane hennar har innverknad frå så ulike kjelder som 1400-tals danserytmar, folkemusikk, klassisk kammermusikk, frijazz, improvisasjonsmusikk og samtidsmusikk.

Under skrivinga lytta Seim til støyrock, metal og psykedelisk rock på den eine sida, country og folkemusikk på den andre. Ho søkte utløp for fascinasjonen sin for elektronikk og multimedia, og tok med på laget videokunstnaren Birk Nygaard. Påverknaden frå desse kan du høyra i det ferdige verket, som på overflata er tilgjengelig, men på innsida er kompleks.

Med eit knippe nøyte utvalde musikarar vil Seim ta All About Jazz på ordet: «an original, creative composer with an impressive musical language».

Gunhild Seim trompet, perkusjon, kor **Trym Bjønnes** vokal, gitarar
Klaus Holm klarinett, baritonsaksofon
Petter Frost Fadnes c-mel saksofon, barytonsaksofon
Vidar Schanche gitarar, kor **Ståle Birkeland** trommer, elektronikk, kor
Birk Nygaard visuals



FREDAG 22:00 FLEISCHER'S

Helleve/Hovland/Kaldestad/ Børsheim/Lund

Lyst å vera med på ei litterær reise med Dag Helleve, Ragnar Hovland og Per Olav Kaldestad som guidar? Turen går til Canada – frå store opplevingar i naturen til den utsøkte kulturen slik han ytrar seg i litteratur, musikk og biletkunst. Dei tre forfattarane får forsterking av Annelaug Børsheim og Alexander Lund som akkompagnerer med fele, gitar og kontrabass. Ta turen frå Voss til Canada i godt selskap denne kvelden!

Dag Helleve guide **Ragnar Hovland** guide **Per Olav Kaldestad** guide
Annelaug Børsheim fele, gitar **Alexander Lund** kontrabass

FREDAG 23:00 FRAKTGODSEN

12 POINTS PRESENTERER:

Elifantree og trioVD

ELIFANTREE: Den finske trioen tek i bruk vokal, saksofon og trommer som basis, men sper på med cello, klokkespel og trørgel. Deira evne til å framføra live gjorde at dei stakk av med «Gig of the Year» i The Wire 2009! Dette er moderne jazz i toppklasse.

Anni Elif Egecioglu vokal, cello, klokkespel, kemence
Pauli Lyytinen tenorsaksofon, klokkespel, trørgel
Tatu Rönkkö trommer og perkusjon

trioVD: Det skjer mykje på den britiske jazzscena blant den yngre garde, og ein av arnestedene for dette er Leeds og det spanande musikkollektivet LIMA, Leeds Improvised Music Association. trioVD er eit av dei mest framstormande av konstellasjonane her. Tilnærminga deira til jazz er hardt arbeid og intens øving for å oppnå det til tider ville lydbildet som gjer at dei har vorte nemnt som eit bindeledd mellom The Thing og metal-bandet Meshuggah.

Chris Sharkey gitar **Christophe de Bézenac** saksofon
Chris Bussey trommer

LAURDAG 10:30 TRE BRØR CAFÉ

Hullyboo

Dei unge talenta i Hullyboo har opptrådd både i innland og utland dei få åra dei har spelt saman. Den dyktige trioen har vorte kjent som eit drivande godt liveband med gode, musikalske låtar. Hullyboo stakk like godt av med «Jazz i sikte»-prisen, om ein skulle trenga bevis! Og berre for å ytterlegare understreka dette, fekk dei terningkast fem for spelejobben under fjorårets Nattjazz. Dørm sjølv på Voss!

Marius Hirth Klovning gitar **Bjørnar Kaldefoss Tveite** bass
Mats Mæland Jensen trommer

LAURDAG 11:00 OSASALEN – OBA

Jazzintro: Duplex og Bodvar Tornes Trio

Åtte band med spanande unge jazzmusikarar er handplukka til å konkurrera om tittelen Årets unge jazzmusikere 2012. Vinnaren vert kåra til sommareten og vil få ei lanseringspakke frå Rikskonsertane og eit arbeidsstipend frå Gramo. Jazzintro er eit samarbeid mellom Rikskonsertane, Norsk jazzforum, Nattjazz, MaiJazz, Kongsberg Jazzfestival, Moldejazz og Vossa Jazz. Til Vossa Jazz kjem Duplex og Bodvar Tornes Trio:

DUPLEX: Duoen har funne fram til eit særreige uttrykk med eigenkomponert musikk som i stor grad baserer seg på låtar med god plass til improvisasjon av melodisk, harmonisk og klangfull karakter.

Harald Lassen tenor- og sopransaksofon
Christian Meaas Svendsen kontrabass

BODVAR TORNES TRIO: Musikken til denne trioen består av tolkingar av låtar frå det amerikanske standardrepertoaret og Tornes sine eigne komposisjonar, ispedd låtar frå populærmusikkrepertoaret.

Bodvar Tornes piano **Egil Kalman** bass
Ole Mofjell trommer





Foto: Mairi Kjøhner



Foto: Orla Andle Andersen



Jazzlinja i Trondheim Juhani Aaltonen Quartet The Brazz Brothers og Dalakopa

LAURDAG 14:00 VELFERDSENTRALEN, ELDRJAZZ

Jazzlinja i Trondheim: «Drivstoff»

Når årets drivstoff som er lagra i kjellaren på NTNU si jazzavdeling vert frigjort i slutten av mars, kjem det til å brenna kraftig og lenge. Det vert ulike inntrykk og uttrykk, både minimalistisk, eksplosivt, fritt og fast.

LAURDAG 14:30 OSASALEN – OBA

Juhani Aaltonen Quartet

Den finske saksofonisten hadde si fyrste offentlege framføring i 1957. Etter fløytestudier på Sibelius-akademiet i Helsinki måtte han ut av landet for å finna rette plattformar, noko som resulterte i the Nordic All Stars saman med Palle Mikkelborg og Jan Garbarek. Til Voss har han med seg eit stjernelag av finske musikkarar.

Juhani Aaltonen saksofon, fløyte **Iro Haarla** piano, harpe
Ulf Krokfors bass **Reino Laine** trommer

LAURDAG 15:30 FRAKTGODSEN

The Brazz Brothers og Dalakopa

Her blir det fusjon på godt norsk – drivande folkemusikk i symbiose med leiken brazz-musikk! Dalakopa er eit av Noregs framste folkemusikkband og The Brazz Brothers har i årevis vore eit av dei sterkaste ensembla innan sjangeren sin. Etter fleire meir eller mindre tilfeldige samanstøyt har dei no utveksla musikalske idéar og skal få presentera resultatet under Vossa Jazz 2012.

THE BRAZZ BROTHERS

Jarle Førde trompet, flugelhorn **Jan Magne Førde** trompet, flugelhorn
Runar Tafjord horn **Helge Førde** trombone **Stein Erik Tafjord** tuba
Kenneth Ekornes trommer

DALAKOPA

Mary Barthelemy fløyte, bukkehorn, lur **Jens Nygård** fiolin
Thore Hårdelin fiolin **Oline Sofie Bakkom** fiolin
Stein Nygaard trekkspel **Bent Jacobsen** trekkspel
Roar Kjelsberg bass **Ole Anders Feragen** gitar

Minneutstilling: Ivar «Knipo» Kvåle

Ein av Voss sine store kunstnarar, Ivar Kvåle, gjekk bort i haust. Kvåle var ein viktig mann for bygda – og for kulturlivet spesielt. Han var mest kjend som biletkunstnar og avisteiknar, men han har òg skrivne og illustrerte bøker. Ivar var aktiv i Vossa Jazz-miljøet i over 30 år, som musikar, festivalutstillar og plakatkunstnar.

Festivalpublikum vil hugsa han som mannen på neverlur under opninga av festivalen, heilt frå fyrste gong i 1975! Utstillinga er eit samarbeid med Voss Kunstlag.

Opning av utstillinga fredag klokka 17:00 på Tre Brør Café.

Foto: Vidar Herre





LAURDAG 16:30 OSASALEN – OBA

Eyolf Dale

Den 26-årige jazzpianisten Eyolf Dale slapp nyleg debutplata «Hotel Interludes» til strålende omtalar. «WOW! hadde egentlig holdt som anmeldelse på denne plata», skriv Jørgen Damshaug i Jazznytt. Dale har allereie vekt merksemd i ei rekkje ulike band, prosjekt og utgjeingar dei siste åra, m.a. med duoen Albatros. Pianospelstilen hans har vorte skildra som kraftfull, lyrisk og virtuos, med ein hang mot rytmiske element og idéar.

Eyolf Dale piano

LAURDAG 16:00 PIANOBAREN – PARK

Helge Jordal og MotBakkeOrkesteret

MotBakkeOrkesteret har i fleire år vore ein del av Frelsesarmeens rusomsorg i Bergen. På årets Vossa Jazz får Helge Jordal vera med å spela! Tolkingar av artistar som veit kva dei snakkar om når dei skildrar livet på samfunnets skuggeside, står ofte på programmet. Johnny Cash og Tom Waits er naturlege gjengangarar, på linje med deltakarane sitt eige materiale. Ein kan venta seg rufsete og ekte tolkingar av streite og mindre streite sider av tilveret.

MILJØMUSIKANTAR:

Gunnar Emmerhoff gitarar, vokal **Johannes D. Maaseide** gitarar, vokal **Cato Eikeland** bass, gaul **Erlend Alm Lerstad** melodica, tangentar **Roy Inge Holtet** trommer, vas **Solveig Nilsen** kor **Gjestar**

Særs spesiell gjest: Helge Jordal vokal og tekstar



Foto: Oddleiv Apneseth

LAURDAG 18:00 VOSSASALEN, PARK

Karl Seglem: Tingingsverket «Som spor»

Det er med stor glede Vossa Jazz presenterer årets tingingsverkkomponist Karl Seglem. Han er utan tvil ein av Noregs aller største jazzmusikarar, med ei rad prisar og nominasjonar bak seg, samt samarbeid med toppsjiktet av norske musikarar. Han avslutta nyleg ein turné i Tyskland og kom heim med knallkritikkar og strålende omtalar som «the future of jazz» i bagasjen.

Tingingsverket, som er det 31. i rekkja, har Seglem valt å kalla «Som spor». World-jazz er det mest dekkande sjanger-omgrepet som kan nyttast om musikken og lydbileta Karl Seglem skapar. Verket vert vidareutvikla i det musikalske landskapet frå tidlegare CD-utgjeingar, mellom anna «Ossicles» frå 2010, som kalla fram femmarar og seksarar på terningane rundt om i pressa.

I tillegg til musikken kan publikum nytta konserten visuelt med bakteppe av fotograf Oddleiv Apneseth, lys- og biletedesignar Tord Knutsen og lyddesignar Asle Karstad.

Karl Seglem tenorsaksofon, bukkehorn **Sigrid Moldestad** hardingfele **Håkom Høgemo** hardingfele **Lars Jakob Rudjord** tangentar **Andreas Ulvo** tangentar **Stefan Bergman** bass **Kåre Opheim** trommer, perkusjon **Oddleiv Apneseth** foto **Tord Knutsen** lys- og billedesign **Asle Karstad** lyddesign



NORSK
KULTURRÅD



KONSERTOVERSIKT VOSSA JAZZ 2012

TORS DAG

16:00	Fraktgodsen	Vossakveik	
20:00	Banksmidja	Opning Vossa Jazz-utstilling: «Nowhere better than this place»	

FREDAG

13:00	Fraktgodsen	UNGjaJAZZja: Jazzlinja i Trondheim: «Drivstoff»	gratis
19:00	Park, Vossasalen	Opningskonsert: Dahl/Andersen/Christensen	300*
20:00	Tre Brør Café	Stein Urheim	100**
21:00–02:30	Park – huskort	Nils Petter Molvær Trio Farmers Market Kaja Draksler Acropolis Quintet Lord Kelvin Good Time Charlie	445*/500 i døra
21:00	Fraktgodsen	Gunhild Seim: «Story Water»	200*
22:00	Fleischer's Hotel	Helleve/Hovland/Kaldestad/Børshheim/Lund	250*
23:00	Fraktgodsen	Elifantree og trioVD	200*

LAUR DAG

10:30	Tre Brør Café	Hullyboo	100**
11:00	OBA, Osasalen	Jazzintro: Duplex og Bodvar Tønnes Trio	100*
11:30	Torget	Parade	gratis
12:00	Torget	Helge Jordal og MotBakkeOrkesteret	gratis
13:00	Park, festsalen	Badnajokk: Mari, Stein og Ragnar sitt dagdraumekollektiv	70*
14:00	Velferdssentralen	Eldrejazz, Jazzlinja i Trondheim: «Drivstoff»	100**
14:30	OBA, Osasalen	Juhani Aaltonen Quartet	250*
15:30	Fraktgodsen	The Brazz Brothers og Dalakopa	250*
16:30	OBA, Osasalen	Eyolf Dale	200*
15:00	Park, festsalen	Vinnar av UNGjaJAZZja-prisen 2011: Improvision	gratis
16:00	Park, Pianobaren	Helge Jordal og MotBakkeOrkesteret	gratis
18:00	Park, Vossasalen	Karl Seglem: Tingingsverket «Som Spor»	300*
21:00	Fraktgodsen	Trondheim Jazzorkester og Sofia Jernberg	200*
21:00–02:30	Park – huskort	Ingrid Lukas Amadou & Mariam The new Troubadours Valkyrien Allstars Yngve and his Boogie Legs	445*/500 i døra
22:00	Fleischer's Hotel	Hilde Louise Asbjørnsen	250*
23:00	Fraktgodsen	The Thing	200*

SUNDAG

11:00–13:00	Park, festsalen	Superjazz: The Brazz Brothers, verkstader	påmelding
14:00	Park, festsalen	Superjazz: The Brazz Brothers, konsert	150**
11:00	Tre Brør Café	Kitsch	100**
12:00	OBA, Osasalen	Palle Mikkelsen og Thomas Clausen	250*
12:00	Park, Vossasalen	Badnajokk: «Vossasamba!»	100*
12:30	Banksmidja	D'kor	gratis
13:00	Park, pianobaren	Voss storband og Kåre Kolve	gratis
14:00	Fraktgodsen	Knut Kristiansen og Bergen Big Band «Kuria suite»	250*
14:00	OBA, Osasalen	Urban Connection	200*
15:00	Park, Vossasalen	Bugge Wesseltoft	250*
16:00	Park, festsalen	UNGjaJAZZja: Voss Jazzskule	50**
17:00	Kyrkja	Susanna	250*
18:00	Fraktgodsen	Marc Ribot «Really the Blues»	250*
20:00	Park, Vossasalen	LADIES AND GENTLEMEN: Swing it, love it, dig' it	250*
21:30	Fraktgodsen	Marilyn Mazur Celestial Circle	200*
22:00	Park, Pentagon	Amund Maarud	200*

Festivalpass 1600*
Dagskort fredag/laurdag/sundag 600*/700*/550*

* Gebyr til Billettservice kjem i tillegg.

** Billettsal under festivalen

KONTAKTINFO

Telefon 56 52 99 11 • Heimeside www.vossajazz.no

Besøksadresse: Hålandshuset, Vangsgata 28

E-post post@vossajazz.no

BILLET TAR

Kan kjøpast hjå Billettservice,
www.billettservice.no/81533133
Posten, Narvesen og 7-Eleven.



PLASSBILLET TAR

Gjeld gjester med festivalpass og dagskort: **Til opningskonserten, Tingingsverket og konsertane i kyrkja og Osasalen på Ole Bull Akademiet må gjester med festivalpass og dagskort kjøpa plass-billett for å vere sikra plass.** Plassbilletten garanterer plass fram til 10 min. før konsertstart.

Plassbillett til opningskonserten og Tingingsverket kan du kjøpa både på førehand hjå Billettservice og på billettkontoret under festivalen. Plassbilletter til konsertane i Osasalen og kyrkja kan du kjøpa på billett-kontoret vårt på Park (Vossevangen) under festivalen.

OVERNATTING

For informasjon om overnattingsstader og prisar ta kontakt med Destinasjon Voss på tlf. 56 52 08 00 eller www.visitvoss.no.

JAZZMESSE I VANGSKYRKJA, SUNDAG KLOKKA 11:00

DAGFINN IVERSEN OG AKUSTISK SODA
Fredriks Bar, Fleischer's fredag og laurdag,
21:00–22:00 og frå 23:30.

Dagfinn Iversen kjem med sine beste viser og Akustisk Soda spelar bluegrass så fort dei kan. Til saman blir det «Songar i Blått Gras».

Dagfinn Iversen gitar, vokal **Øystein Fosshagen** fele **Håkon Aske-land** mandolin **Davide Bertolini** bass **Rune Bratteberg Homlung** banjo **Renette Marshall** vokal **Gjester:** Overraskning!

Med atterhald om trykkfeil og endring i programmet.
Hald deg oppdatert på www.vossajazz.no

Velkomen til 40 års-jubileum
22.–24. mars 2013

VOSSA
JAZZ
XL



Foto: Cecilie Körner



Foto: Lucile Reyboz



Sofia Jernberg og Trondheim Jazzorkester Ingrid Lukas The new Troubadours Amadou & Mariam

LAURDAG 21:00 FRAKTGODSEN

Trondheim Jazzorkester & Sofia Jernberg tolkar Olav Mjelva

Den svenske songaren, bandleiaren og komponisten Sofia Jernberg er i ferd med å etablere seg i jazzverda. Eitt av dei musikalske møta som har gjort stort inntrykk på henne var hardingfelevirtuosen Olav Luksengård Mjelva. Dette møtet resulterte i jazz-folkemusikk-hybriden som blir urframført på Voss. Ho har teke med seg utvalde musikarar frå både Noreg og Sverige, og med ingen ringare enn Trondheim Jazzorkester, så snakkar me toppsjiktet på alle baugar og kantar.

Konserten er tinga i samarbeid med Midtnorsk Jazzsenter.

Sofia Jernberg vokal **Olav Mjelva** fele, hardingfele **Kari Rønnekleiv** fiolin **Lene Grenager** cello **Fredrik Luhr Dietrichsson** kontrabass **Eivind Lønning** trompet **Espen Reinertsen** tenorsaksofon **Eirik Hegdal** saksofoner **Alexander Zethson** piano **Jens Linell** perkusjon **Tor Haugerud** trommer

LAURDAG 21:00–02:30 PARK – HUSKORT

Ingrid Lukas

Estiske Ingrid Lukas er kanskje eit uskrive blad for ein del, men ikkje for Bugge Wesseltoft, som har jobba tett med henne på hennar siste utgjeving, «Silver secrets». I følgje han er Lukas ein av dei mest lovande unge vokalistane i heile Europa for tida. Med inspirasjon frå heimlandet har songane eit klart særpreg, men ein skjønar kvifor artistar som Tori Amos, Joanna Newsom og Regina Spektor vert trekt fram som samanlikningsgrunnlag.

Ingrid Lukas vokal, piano **Patrik Zosso** trommer **Michel Gsell** fiolin **Céline-Giulia Voser** cello

LAURDAG 21:00–02:30 PARK – HUSKORT

The new Troubadours

For dei som følgjer med i jazzpressa, så er Jon Irabagon etterkvart eit kjent namn, og nokre kjenner muligens like godt til bandet han spelar i, Mostly Other People Do The Killing. HP Gundersen hausta mykje god kritikk for bandet The Last Hurrah, og Irabagon og Gundersen fann tonen bokstaveleg talt ved fyrste møte. Musikken er improviserte reiser med transparante overgangar mellom ulike sjangrar og tonespråk basert på felles stilforståing og felles humor.

Sam Fossbakk elektronikk **Alexander Grieg** bass **HP Gundersen** gitar, loops **Jon Irabagon** tenorsaksofon

LAURDAG 21:00–02:30 PARK – HUSKORT

Amadou & Mariam

Ikkje gå glipp av sjansen til å få med deg ein av Mali sine store musikalske skattar! Amadou & Mariam består av ekteparet Mariam Doumbia og Amadou Bagayoko, også kjende som «det blinde paret frå Mali». Kombinasjonen av enkle arrangement med gitar og vokal, tradisjonell malisk musikk, rockegitar og ei mengde afrikanske instrument har vorte kalla «afro-blues». Deira livlege show med fengjande låtar gjer at det er duka for fest i Vossasalen!

Amadou Bagayoko gitar, vokal **Mariam Doumbia** vokal **Boubacar Dembele** perkusjon **Yao Dembele** bass **Yvo Abadi** trommer **Charles-Frederik Avot** keyboard **Worldio «Tanti» Tounkara** kor **Aminata Doumbia** kor **Mo DJ (Moriké Keita)** dj



Valkyrien Allstars Yngve & his Boogie Legs Hilde Louise Asbjørnsen The Thing

LAURDAG 21:00–02:30 PARK – HUSKORT

Valkyrien Allstars

Valkyrien Allstars har sidan oppstarten i 2005 vore eit sant unikum i norsk musikkbransje. Debutalbumet har for lengst selt til godt forbi gull her heime, og gruppa har besøkt alt frå Kina og Japan til Slovakia og England, samt turnert Noreg fleirfaldige gonger. Med ny plate i ryggen kjem Valkyrien Allstars tilbake til Voss der me tek i mot dei med opne armar!

Tuva Livsdatter Syvertsen fele, vokal **Ola Hilmen** fele
Erik Sollid fele **Magnus Larsen** bass **Martin Langlie** trommer

LAURDAG 21:00–02:30 PARK – HUSKORT

Yngve and his Boogie Legs

Med fersk EP og deltaking på årets byLarm er det unge jumpblues/rockabillybandet klare for Vossa Jazz! Sidan starten i 2008 har Yngve and his Boogie Legs vorte meir fokusert på eigenkomponerte låtar, men samstundes med nytolkingar av artistar som T-Bone Walker, Mose Allison og Muddy Waters. Bandet gjekk av med sigeren i Norsk Bluesunion sin talentkonkurranse i fjor. Yngve and his Boogie Legs kan lova høg stemning både for dei som vel å trampa takten i lengste hjørnet av lokalet, og dei som likar å dansa til svingande rytmar av fem dresskleddede menn tidleg i 20-åra.

Bjørnar Ekse Brandseth gitar, vokal **Lars Finborud** munnspele, gitar
Yngve Jordalen kontrabass **Morten Bessesen** tangentar
Anders Fretheim trommer

Jordaland

LAURDAG KL 22:00 FLEISCHER'S

Hilde Louise Asbjørnsen

Jazz-chanteuse og improvisatør Hilde Louise Asbjørnsen hausta drøsservis med godord for 2011-utgjevinga «Divin' At the Oceansound». Plata var den fyrste reine jazz-plata hennar innspelt live, og ho står klippestøtt ved sida av Nat King Cole og Oscar Peterson. Med seg til Voss har ho ein trio som syter for at det musikalske bakteppet gjer dette til ei framføring du må få med deg.

Hilde Louise Asbjørnsen vokal **Anders Aarum** tangentar
Jens Fossum bass **Svein Erik Ånestad** **Martinsen** gitar

LAURDAG KL 23:00 FRAKTGODSEN

The Thing

Frijazz er ikkje det ein nødvendigvis forbind med coverband, men sanninga er at flinkisjazzistane i The Thing har ei skikkeleg greia for P.J. Harvey, The White Stripes og Yeah Yeah Yeahs. Dette sjølvsgatt intrikat blanda med hovudinspirasjonskjelda Don Cherry (derav namnet). Då bandet starta i 2000 var det med unge, energiske muskarar som i dag er etablerte, energiske muskarar. «The sheer power they generate from wood, metal, breath and muscle is stunning», skreiv BBC.

Mats Gustafsson saksofonar **Ingebrigt Håker Flaten** bass
Paal Nilssen-Love trommer

... FØLG OSS PÅ  JESBOKA



The Brazz Brothers Voss storband m Kåre Kolve Palle Mikkelsen og Thomas Clausen Knut Kristiansen & Bergen Big Band

SUNDAG 11:00–15:00 FESTSALEN – PARK

Superjazz med The Brazz Brothers

The Brazz Brothers har lang erfaring med å jobba med og kursa musikan-
tar i alle aldrar i å spela og musisere utan notar. Med desse seks fantastiske
musikarane kan ein trygt venta mykje trøkk og speleglede!

Denne konserten er tilrettelagt for menneske med nedsette funksjon-
sevner. Verkstad kl 11:00–13:00, konsert kl 14:00.

Jarle Førde trompet, flugelhorn **Jan Magne Førde** trompet, flugelhorn
Runar Tafjord horn **Helge Førde** trombone **Stein Erik Tafjord** tuba
Kenneth Ekornes trommer

SUNDAG 11:00 TRE BRØR CAFÉ

Kitsch

Alle tre medlemmene er tilknytte Griegakademiet. Kitsch sin blanding av
fusion, jazz og rock fekk god respons av publikum under «Jazz i sikte» i
Bergen i fjor, og dei unge musikarane aktar no å gjenta suksessen!

Tore Hodneland gitar **Arne Toivo Fjose Sandberg** bass
Vidar Hodneland trommer

SUNDAG KL 12:00 OSASALEN

Palle Mikkelsen og Thomas Clausen

Trompetisten Palle Mikkelsen har heldt på i ein mannsalder og har spelt
med omtrent alt som kan krypa og gå i det norske jazzmiljøet. Thomas
Clausen har ikkje mindre på CVen etter å ha akkompagnert storleikar som
Joe Henderson, Chet Baker og Stan Getz. Det er to sensitive og ikkje så
reint lite spirituelle sjeler ein har gleda av å oppleva under Vossa Jazz.

Palle Mikkelsen trompet **Thomas Clausen** piano

SUNDAG 13:00 PIANOBAREN – PARK

Voss storband m/Kåre Kolve

Voss storband stiller i år med Kåre Kolve som dirigent. Kolve er utdanna
frå jazzlinja i Trondheim, og han har ei lang merittliste som medlem av
mellom anna Lava og Mezzoforte. Repertoiret på denne konserten vert ei
blanding av standard storband-arrangement og eit knippe crooner-låtar.
Topp underhaldning!

Voss storband med Kåre Kolve som gjestedirigent
Vokalistar er **Helge Haugland** og **Wenche Lien**

SUNDAG 14:00 FRAKTGODSEN

Knut Kristiansen & Bergen Big Band: «Kuria Suite»

Knut Kristiansen (KK) er ein institusjon i norsk jazz og har vore aktiv i
norsk musikkliv i snart 50 år. Kuria-folket bur på grensa mellom Kenya og
Tanzania. Suiten er ei hylning til ein fantastisk lokal afrikansk musikk-
kulturarv som det finst færre og færre igjen av i dag. Her blir det funky
storbandbonanza med afrikanske under- og overtonar!

Knut Kristiansen piano, keyboard

BERGEN BIG BAND

Treblås: Olav Dale, Jan Kåre Hystad, Ole Jakob Hystad, Zoltan
Vincze, Michael Barnes

Trompet: Martin Winter, Svein Henrik Giske, Are Ovesen, Reid Gilje

Trombone: Øyvind Hage, Sindre Dalhaug, Pål Roseth, Kjell Erik Husom

Rytmeseksjon: Ole Thomsen gitar **Magne Thormodsæter** bass

Frank Jakobsen trommer **Ivar Kolve** vibrafon **Lars Storck** perkusjon



Foto: Egil Hennings Hansen



Foto: Siri Dahl



Foto: Zigga Kontnik



Foto: Hans Fredrik Ashbjørnsen

Urban Connection Bugge Wesseltoft Susanna Marc Ribot Ladies & Gentlemen: «Swing it, Love it, Dig 'it»

SUNDAG 14:00 OSASALEN – OBA

Urban Connection

Urban Connection gjenoppstår! Bandet var sterke ambassadører for «Ungjazz»-bølga på 90-talet og vart kåra til «Årets Unge Jazzmusikere» i 1998 etter å ha spelt innleiarande runde på Vossa Jazz. For debutplata «Urban Connection» fekk dei Spellemannprisen. Bandet har turnert med stor suksess over heile verda, og har samarbeidd med m.a Michael Brecker og Chick Corea.

Frode Nymo altsaksofon **Steinar Raknes** kontrabass
Håkon Mjåset Johansen trommer

SUNDAG 15:00 VOSSASALEN – PARK

Bugge Wesseltoft

Det har gått 15 år sidan Wesseltoft gav ut «New Conception of Jazz». Det kjennest framleis som eit nyskapande verk, og sjølv om mannen no nærast er for veteran å rekna, så stiller ein alltid forventningar til at det framleis skal vera friskt og nytt. På det nye albumet «Songs» går han igjen solo og tek eit djupdykk inn i jazzen, reint og klangfullt som berre han og pianoet hans kan få det til.

Bugge Wesseltoft piano

SUNDAG 17:00 VANGSKYRKJA

Susanna

Mange kjenner nok Susanna Wallumrød under namnet Susanna & the Magical Orchestra – ho kan få håra til å reisa seg med si fjellstøe framføring og kjølege ro. Gjennom samarbeidet med Bonnie 'Prince' Billy fekk endå fleire augene opp for Susanna. I år kjem ho med ny plate på Rune Grammofon, «Wild dog», berre veker før Vossa Jazz.

Susanna Wallumrød vokal, piano **Helge Sten** gitar
Erland Dahlen trommer

SUNDAG 18:00 FRAKTGODSEN

Marc Ribot «Really the Blues»

Gitaristen Marc Ribot har samarbeidd med eit utal artistar som Tom Waits, John Zorn, Elvis Costello, Robert Plant, Norah Jones, Medeski, Martin & Wood, for å nemna nokre. Han var nominert til 2011 Jazz Guitarist of the Year av a Jazz Journalists Association i konkurranse med Bill Frisell og Jim Hall. Bandkonseptet han tek med seg til Voss vil nok gleda mang ein blues-fan: «Really the blues» – tydelegare kan det knapt seiast!

Marc Ribot gitarar, keyboard, vokal **Brad Jones** bass
JT Lewis trommer

SUNDAG 20:00 VOSSASALEN – PARK

Ladies & Gentlemen – «Swing it, Love it, Dig 'it!»

Denne konserten er ein hyllest til swingjazzen og the good ol' days! Turen til jazzklubbane i New York på den tida då songarinnene forførte med smektande låtar og croonerane fekk jentene til å dåna. På scena står fire stjernevokalistar og eit spektakulært jazzorkester med musikarar frå heile Skandinavia. Det heile er pakka inn i eit profesjonelt storformat med visuell spenst og scenografi tilpassa tidsbildet. Swing it!

Kirsti Huke vokal **Sinne Eeg** vokal **Odd René Andersen** vokal
Ingar Kristiansen **Marius Haltlie** trompet **Erik Eilertsen** trompet
Kåre Nymark trompet **Klas Lindquist** saksofon **Knut Riisnæs**
saksofon **Håvard Fossum** saksofon **Kristoffer Kompen** trombone
Helge Sunde trombone **Gustav Lundgren** gitar **Torgeir Koppang**
piano **Daniel Franck** bass **Hermund Nygård** trommer





Foto: Colin Eide

Foto: Tonje Larsen

Marilyn Mazur Celestial Circle Amund Maarud

SUNDAG 21:30 FRAKTGODSEN

Marilyn Mazur Celestial Circle

Den danske perkusjonisten og trommisen Marilyn Mazur har halde det gåande sidan ho danna det første bandet sitt, Zirenes, i 1973. Med sitt siste konsept, «Celestial Circle», har ho hausta solide kritikkar – som vanleg. Det er ikkje få som har nytta seg av hennar rytmiske talent, som Miles Davis og Jan Garbarek. Men det er med sine eigne prosjekt ho verkeleg haustar åtgåum. The Guardian seier om bandet ho har med seg til Voss at «she could hardly be in better company than on this unusual session».

Marilyn Mazur trommer, perkusjon **Josefine Cronholm** vokal
John Taylor piano **Anders Jormin** kontrabass

SUNDAG 22:00 PENTAGON – PARK

Amund Maarud

Bluesgitarist Maarud debuterte i ein alder av seks år og har aldri sett seg tilbake. Han har derimot sett seg litt til sidene og spela i fleire år i rockebandet The Grand, men er tilbake til det som mange meiner han gjer aller best: den reine, råe bluesen. I 2011 kom han med nytt album, Electric, som hausta strålende kritikkar – like strålende som dei forrykande live-showa hans!

Amund Maarud vokal, gitar **Bendik Brønne** saksofon **Eirik Tovsrud Knutsen** keyboard **Egil Stemkens** bass **Henrik Maarud** trommer

UNGjaJAZZja

FREDAG 13:00 FRAKTGODSEN

Jazzlinja i Trondheim: «Drivstoff»

Når årets drivstoff som er lagra i kjellaren på NTNU si jazzavdeling vert frigiort i slutten av mars, kjem det til å brenna kraftig og lenge. Det vert ulike inntrykk og uttrykk, både minimalistisk, eksplosivt, fritt og fast. Anten det er gjennom improvisert musikk, eigne eller andre sine sine komposisjonar, vert det stoff som driv!

Etter konserten vert det verkstad for ungdom.

Emilie Nicolas Kongshavn vokal **Adrian Løseth Waade** fiolin
Martin Myhre Olsen saksofon **Rune Nielsen** gitar **Kjartan Gullikstad** gitar
Viljar Dyvik Sellevold gitar **Erlend Albertsen** bass
Mathias Holtedahl Thorp bass **Tord Vangen** trommer
Matilda Rolfsson trommer **Ole Mofjell** trommer
Siv Øyunn Kjenstad trommer

LAURDAG 15:00 FESTSALEN – PARK

ImprovIsion

Bandet vann UNGjaJAZZja-prisen 2011, ein pris som kvart år vert delt ut av Vossa Jazz sin hovudsponsor, Vossa Jazz-lauget. I tillegg til kr 10 000 får prispinnaren ha konsert på Vossa Jazz året etter. ImproVIsion starta i 2010 og har jobba hardt for å koma på det nivået dei no er. Alle i bandet har vore med på prosjekt og konsertar med profesjonelle jazzmusikarar.

Adrian Skaftun Kydland gitar **Elisabeth Lid Trøen** saksofon
Linda Merethe Lavik piano **Arne Fjose Sandberg** bass
Gaute Ullestad Moen trommer

SUNDAG 16:00 FESTSALEN – PARK

Voss Jazzskule

Voss Jazzskule stiller med unge og flinke elevar frå ni år og oppover. Her er det mange spanande talent som er klare for å imponera. Ikkje gå glipp av dette – dette er framtida i norsk jazz!

Vel Vossa Jazz som mottakar av din Grasrotandel!
Gå inn på www.grasrotandelen.no for å lese meir og registrera deg.



GRASROTANDELEN AS

Sparebanken Vest satsar på born og unge for å investera i framtida, for regionen vår er heilt avhengig av den framtidige skaparkrafta og kompetansen hjå generasjonane som kjem etter oss.



BADNA JAZZ



SUNDAG 11:30 TORGET

Badnajazzparade

Det vert parade i Vangsgata med musikk og moro! Ta med deg eit instrument, og saman skapar me eit heidundrande rytmeorkester! Ta gjerne med mor, bror, nabo eller andre du vil syna fram.




Kunstutstilling Vossa Jazz 2012: «Nowhere better than this place»

Årets festivalkunstnar, Elin Brissman, svensk kunstnar busett i Bergen, er utdanna ved Kunsthøgskulen i Bergen.

I eit forsøk på å lyfta fram det vakre i det usedde og kvardagslege, målar Brissman detaljerte bilete av husfasadar frå tida mellom 1945 og 1975. Bygningane frå denne perioden vert ofte møtt med lite respekt og vert rivne eller renoverte til det ugjenkjennelege. Brissman ynskjer at andre skal sjå desse bygningane slik ho gjer – sjå deira diskre skjønneheit.

Brissman har òg laga årets festivalplakat.

Festivalutstillinga er eit samarbeid med Voss Kunstlag.



Mari, Stein og Ragnar Papagøyene

LAURDAG 13:00 FESTSALEN – PARK

Mari, Stein og Ragnar sitt dagdraumekollektiv

Velkomen inn i Mari, Stein og Ragnar sitt dagdraumekollektiv der aurar, kvalar og dinosaurar får boltra seg i lag med leiken og improvisert musikk! Duoen Stein & Mari med sine rare og snirklete, elektroniske og akustiske blueslåtar har slått seg saman med Ragnar Hovland på scena, så denne dagen får du oppleve Ragnar sine lune og snodige dikt opplesne av forfattaren saman med musisering av Mari og Stein.

Ragnar Hovland vokal, tekst **Stein Urheim** div. strengeinstrument, elektronikk, vokal **Mari Kvien Brunvoll** vokal, elektronikk, div. perk.

SUNDAG 12:00 VOSSASALEN – PARK

Vossasamba!

Årets Badnajazz er ikkje for dei som likar fred og ro! Dette vert ein konsert med Papagøyene og elevar frå Bjørgum skule som leverer ein konsert i verdsmusikk-tradisjon. Repertoaret består av barnesongar rearrangert i ei brasiliansk språkdrakt i tillegg til originale låtar av Nana Vascolcelos and the Bushwalkers. Musikken er groovy og alle songane er lette å synga med på. Gjer dykk klare for ein Badnajazzkonsert med trommesoloar, litt jazz, samba, leik og moro!

PAPAGØYENE

Asbjørn Sundal perkusjon, vokal **Audun Humberset** perkusjon
Celio de Carvalho perkusjon, vokal **Torbjørn Hillersøy** bass, vokal
Erik Håkon Halvorsen keyboard
Thomas T. Dahl gitar
Aage Vaksdal trekkspel
Tor Bjarne Bjelland trommer
Elevar frå Bjørgum skule



**VOSSA
JAZZ**

laugøt

Elikom IKT

Fleischer's Hotel

HMV Voss AS

Hordaland Bladdrift AS

Indre Hordaland Miljøverk IKS

Midgard Gruppen AS

NSB

Peppes Pizza Voss

Revisjon Voss

Sparebanken Vest

AS Sylvsmidja Sylvvarverkstad

Vangen Elektriske AS

Visma Services Norge AS avd. Voss

Voss Bedriftservice AS

Voss Energi AS

Voss Fjellandsby AS

L/L Voss Handelslag

Voss Sparebank

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Økonor